

---

Saksnr: 2021/2254-57  
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		19.11.2021

**Orientering om Regional plan for klima 2022-2035**

Forslag til vedtak

- 1) Vestland ungdomsutval tek orienteringa til vitande.
- 2) Vestland ungdomsutval utnemner følgjande to deltakarar til politisk samarbeidsgruppe, som del av planprosessen til Regional plan for klima 2022-2035.

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

Vara: \_\_\_\_\_

**Samandrag**

Planprogram for Regional plan for klima 2022-2035 blei vedtatt i fylkesutvalet 24.august 2021 (PS 164/2021). Planprosessen er i gang, og følgjande sak inkluderer ei kort orientering om status i planprosessen, nokre endringar som blei gjort basert på høyringsinnspel, bestilte utgreingar og konsulentoppdrag, samt behov for å utnemne representantar frå Vestland ungdomsutval i politisk samarbeidsgruppe. Vestland ungdomsutval får mogelegheit til å delta i denne samarbeidsgruppa som del av planprosessen.

Bertil Søfteland  
seksjonssjefPaal Fosdal  
avdelingsdirektør

Vedlegg: Planprogram Regional Plan for klima 2022-2035

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Planprogram for Regional plan for klima 2022-2035 blei vedtatt i fylkesutvalet 24. august 2021 (PS 164/2021), og arbeidet med utforming av planen er no i gang. Dette er ei orientering om prosessen slik at Vestland ungdomsutval er informert om status. Samstundes oppmodar vi til å gi tilbakemelding på om, og korleis de ynskjer at prosjektleiinga deltek på fylkesting for ungdom 2022.

Vestland fylkesutval har høve til å stille med to representantar inn i politisk samarbeidsgruppe, som del av planprosessen.

### Status for planprosessen

Høyringsprosessen medførte nokre mindre endringar frå høyringsutkastet til vedtak av planprogram, og den viktigaste som gjeld dykk vil vere at born og unge blei løfta opp som ei spesielt viktig gruppe å fokusere på i medverknadsprosessen. I tillegg blei kommunane løfta fram.

Etter vedtak av planprogrammet har prosjektgruppa arbeida vidare med detaljar kring ulike utgreiingar som skulle lysast ut, samt etablere temagrupper som fram til nyttår skal utarbeide eit enkelt kunnskapsgrunnlag for prioriterte plantema. Dette arbeidet pågår no, og vil danne grunnlaget for dei vidare diskusjonane om mål, strategiar og til slutt gode tiltak.

Ynskjer de å lese meir om klimaplanprosessen, samt vedtatt planprogram, kan de gjere det på [www.vlfk.no/klimaplan](http://www.vlfk.no/klimaplan)

### Bestilte utgreiingar og konsulentoppdrag

#### Utsleppsanalyse for Vestland

Denne utlysinga omhandlar ei utgreiing som skulle inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for utforming av regional plan. Dette for å synleggjere potensialet for å lukkast og utfordringar og dilemma knytt til dei ulike alternativa/tiltaksplanane. Utgreiinga skal inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for utforming av ein ny regional plan, samt danne grunnlaget for ulike framdriftsplanar og ulike tiltakspakkar for å nå klimamåla som er sett i regionen, og for å bidra i utvikling av klimabudsjett for det geografiske området Vestland.

Dette arbeidet er planlagt ferdigstilt før nyttår, og det var CICERO som fekk kontrakten.

#### Medverknad for born og unge

(Denne utlysinga har frist 5. november 2021, og evaluering av innkomne tilbod er ikkje gjennomført når denne saka vert skriven).

Då vi ynskjer eit auka fokus på born og unge i medverknads- og samskapingfasen ynskjer vi å hente inn ekstern kompetanse på dette. Dette for å sikre ein dedikert konsulent som saman med prosjektleiinga organiserer ein god medverknadsprosess, som munnar ut i ein rapport over innspel som blir spelt inn til endeleg planutkast. Vi har mange gode ressursar på dette i regionen, og vi håper at utlysinga endar opp i eit godt prosjekt.

#### Politisk samarbeidsgruppe

Fylkesdirektøren har fått mynde til å etablere dei ulike gruppene som skal delta i planprosessen med ny klimaplan. Den eine gruppa vert kalla ei politisk samarbeidsgruppe. Vestland ungdomsutval har mogelegheit til å stille med to representantar i denne gruppa.

Denne gruppa vil vere eit rådgjevande samarbeidsorgan for planprosessen, for å auke gjennomføringsevna til den nye klimaplanen, samt vere ein viktig arena for å styrke det strategiske og heilskapelege klimaomstillingsarbeidet i regionen. Vi inviterer no ulike kommunale råd og samarbeidsorgan til å utnemne ein politisk representant frå sitt område. Det vil truleg bli gjennomført 2-3 møter, der det fyrste vert fysisk. Fyrste møte vert arrangert i Bergen 4. januar kl.1300-1600. Eigen invitasjon vert sendt ut til dei som ungdomsutvalet oppnemnar.

Fylkesdirektøren oppmodar difor ungdomsutvalet til å utnemnde to representantar, samt ein vararepresentant, som kan delta i dette arbeidet.

### Framdrift

Planlagt framdrift legg opp til høyring av planutkast våren 2022, og det er difor viktig at vi få gode innspel frå mellom anna ungdomsutvalet og fylkesting for ungdom - før endeleg utkast er utforma.

Difor tilbyr vi å delta på Fylkesting for ungdom, mars 2022, dersom dette er ynskjeleg. Vi tek også imot innspel på korleis de ynskjer at vi deltek og bidreg til samlinga. Det vil også vere aktuelt å kople denne deltakinga til konsulenten som skal bidra i medverknadsprosessen med ungdom.